

Til den det måtte angå

Dato: 04.03.2014
Vår ref.: 2014/559-8
Dykkar ref.:

Attest for Lars Henrik Nesse Strømmen

Lars Henrik Nesse Strømmen, født 18.06.1995, har vore ein del av Ungdommens fylkesutval frå 29. januar 2012 til 26. januar 2014. Det siste året var han leiar for Ungdommens fylkesutval.

Ungdommens fylkesting er satt saman av to representantar frå kommunale ungdomsråd, samt to representantar frå kommunar utan ungdomsråd. Dei har møte ein gong i året kor dei viktigaste oppgåva er å velje nytt Ungdommens fylkesutval, vedta budsjett og vedta Ungdommens planprogram, som er det dokumentet Ungdommens fylkesutval skal jobbe etter i året som kjem. Ungdommens fylkesutval er dermed Ungdommens fylkesting arbeidande organ og dei har møter minst ein gong i månaden. Dei skriv uttalar, svarar på førespurnader og deltek i ulike utval, komitear, grupper, der dei representerer Ungdommens fylkesting.

Lars Henrik Nesse Strømmen er ein engasjert og ansvarsfull mann. Som leiar har han vore ansvarleg for innkalling og saksliste til møter, møteleiing, gjennomføring av Ungdommens fylkesting og ansvarleg for dynamikken i gruppa. Ungdommens fylkesting består av flinke og engasjerte ungdommar som skal samlast om eit mål. Lars Henrik er oppteken av at arbeidet i gruppa skal vere prega av positivitet og inkludering, noko han har klart i si tid som leiar.

Det har vore ein glede å ha Lars Henrik med på laget og når han nå vel å slutte i Ungdommens fylkesutval ønskjer Hordaland fylkeskommune han all lykke på vegen.

Mona Haugland Hellesnes
fylkesvaraordfører

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar